

MØTEBOK

Organ:	Kulturråd
Stad:	Digitalt
Dato:	22.04.2021
Tid:	14:00 - 16:00

Funksjon:	Namn:	Parti:	Forfall:	Møtt for:
------------------	--------------	---------------	-----------------	------------------

Til stades med møte- og talerett:

Christoffer Knagenhjelm

Marianne Hoff

Oddrun Helene Eggum

Kari Thorsen

Kari Bolstad

Øystein Åsnes

Mary Ann Menes - forfall

Marny Tønnesen – forfall

Roar Sandnes – forfall

Janne Nes - forfall

Frå administrasjonen:

Tenesteleiar Jon Tvilde

Sekretariat for møtet:

Jon Tvilde

Ingen merknader til innkalling og sakliste utanom at adressa til May Ann Menes må sjekkast.

Kulturrådet valde møteleiar, Christoffer Knagenhjelm og Kari Bolstad til å godkjenne møteboka på vegne av organet.

Sak 1/21
Samfunnsplan for Sogndal kommune 2021-2030 - sak i kulturrådet
22.04.2021

Frå tenesteleiar låg det føre slik tilråding til vedtak:

Tenesteleiar rår kulturrådet til å gje uttale til samfunnsplanen innan fristen 7. mai.

Endringsframlegg:

Kulturrådet set ned eit utval med Christoffer Knagenhjelm og Kari Thorsen til å utarbeide eit framlegg til ein felles uttale til samfunnsplanen. Framlegget vert sendt på høyring i rådet før endeleg handsaming. I dette arbeidet vert eit notat utarbeidd av Kari Thorsen lagt til grunn.

Avrøysting:

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kulturrådet set ned eit utval med Christoffer Knagenhjelm og Kari Thorsen til å utarbeide eit framlegg til ein felles uttale til samfunnsplanen. Framlegget vert sendt på høyring i rådet før endeleg handsaming. I dette arbeidet vert eit notat utarbeidd av Kari Thorsen lagt til grunn.

Sak 2/21
Sogndal kulturråd - Skriv, meldingar, orienteringar og drøftingssaker
2021

Handsaming.

Dette gjev følgjande vedtak:

A. Skriv og meldingar

1. Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv 2023 – 2035.
Uttale utarbeida av kulturrådet i fellesskap er sendt fylket. Fristen var før møtet. Uttalen følgjer møteboka.
2. Mogeleg regionalt prosjekt «Bransjenettverk kultur»
Tenesteleiar gav ei kort orientering om innhald i søknad. Fleire understreka at dette var eit godt initiativ.

3. Retningslinjer kulturmidlar
4. Frivilligpolitisk plattform

B. Drøftingar

1. Kulturminnearbeid

Tenesteleiar gav ei kort orientering om aktuelle saker og status på området.
2. Saker til komande møte

Det var ynskjeleg at leiar i komiteen for samfunnsutvikling vart invitert til kulturrådet. Vidare ynskjer kulturrådet å møte dei ulike leiarane i kulturavdelinga. Til komande møte vert Kristin Bøtun Rundsvæen invitert pluss at Roar Sandnes presenterer Sogn kulturskule.

C. Orienteringar

1. Verksemdoverføring Sogndal kulturhus
2. Andre saker på kulturfeltet

Det vart orientert om saker til komité for samfunnsutvikling, m.a. frivilligsentral i Balestrand, sak om kjøp av dirigenttenester(er utsett til neste møte) og korleis handsaming av kulturmidlar vert i 2021. Til det siste, Kulturrådet ynskje ikkje å vera ein del av handsaminga av søknader om kulturmidlar, då mange kjenner seg inhabil.

D. Innkomne spørsmål frå representantane

Marianne Hoff hadde stilt dette spørsmålet:

«Kva skjer med uttalen kulturrådet kom om «lyssetting og det visuelle miljøet», sjå kulturrådet si sak 2.12.2021?».

Tenesteleiar refererte til svaret som ordførar gav til eit liknande spørsmål i formannskapet. Dette svaret er no vedlagt saka.

Marianne Hoff reiste avslutningsvis spørsmål til korleis er saksgangen etter slike spørsmål som dette? Etter hennar meining bør det vera slik at rådet får tilbakemelding på slike uttalar og innspel.

Vedtak: